



**FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL**

Utviklinga i kommuneøkonomien Møre og Romsdal 2013



Innhald

Innhold

1 – INNLEIING	3
2 – UTFORDRINGAR FOR KOMMUNEØKONOMIEN	4
2.1 – KOMMUNEREFORM	5
3 – FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT	6
3.1 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT	8
3.2 – EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR	10
3.3 – NETTO DRIFTSRESULTAT	12
4 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD.....	15
5 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT, NETTO DRIFTSRESULTAT OG LÅNEGJELD	19
6 – FOND.....	22
7 – FOLKETALSENDRING OG -PROGNOSE.....	23
8 – REGISTER OM BETINGA GODKJENNING OG KONTROLL (ROBEK).....	26
Appendiks.....	27
Kjelder	31

1 – INNLEIING

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir kvart år ut ein rapport som syner hovudtrekka i utviklinga av kommuneøkonomien i fylket. Rapporten inneheld eit utval av indikatorar som seier noko om den økonomiske situasjonen i kommunane her i fylket, både enkeltvis og samla. Vi har òg med tal for alle kommunane i Noreg utan Oslo (fordi Oslo òg fungerer som fylkeskommune) som referanseverdi. Det er først og fremst tala for 2013 som vi legg vekt på, men vi har òg med tala frå 2011 og 2012 for å sjå på utvikling og tendensar.

Rapporten kan vere aktuell lesing for politikarar, tilsette i administrasjonen i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå, innbyggjarar i Møre og Romsdal og andre som har interesse for kommunane sin økonomi.

Tala som er presentert i rapporten er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Hovudvekta av tala er henta frå Kostra (Kommune-Stat-Rapportering). Rundt 15. juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal for det føregåande året. Tala vi nyttar er på konsernnivå. Det vil seie tal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Tala er henta frå både nivå to og tre i Kostra.

Gjennom rapporten vil vi i første rekkje skildre eit bilete av den økonomiske situasjonen i fylket. Kommentaraner i teksta er difor i hovudsak retta mot korleis den økonomiske situasjonen til kommunane i fylket er samla. Indikatorar blir likevel presentert på kommunenivå for å syne kva som ligg bak tala for fylket og slik at ein får eit meir nyansert bilete av situasjonen. Eit gjennomsnittleg tal for alle kommunane i fylket treng ikkje å vere sant for nokon av kommunane. I tillegg går det då an å følgje ein kommune spesielt. Kommentaraner i teksten vil på grunn av dette òg seie noko om variasjonen og skilnaden mellom kommunane i fylket. For å få eit fullstendig oversyn over økonomien i den einskilde kommune syner vi til kommunane sine rekneskap.

Stranda og Eide kommune rakk ikkje å rapportere inn alle sine endelege tal til Statistisk sentralbyrå. Vi har difor i somme tilfelle korrigert kommunane sine innrapporterte tal der vi har gode tal frå andre kjelder.

2 – UTFORDRINGAR FOR KOMMUNEØKONOMIEN

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 3 til 3,5 prosent av brutto driftsinntekter over tid. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har heldt seg på 2,1 prosent av brutto driftsinntekt, det same nivået som i 2012. Det er likevel ein del faktorar som talar for at den underliggende økonomiske balansen i kommunane framleis er svak.

Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra framover:

- Uro i internasjonal økonomi fører til lågare inntektsvekst enn tidlegare år
- Auka pensjonskostnadar på grunn av låg rente og høg lønnsauke
- Endringar i folketal og alderssamansetning
- Høg gjeld og forventningar om høgare rente på sikt
- MVA-kompensasjonen frå investeringar kan ikkje nyttast til driftsføremål
- Kommunereform

Kommuneøkonomien må vere solid no for at den skal kunne stå seg mot utfordringane framover. Rapporten viser at det er fleire utviklingstrekk som tilseier at kommuneøkonomien i Møre og Romsdal svekker seg. Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2013 aleine auka netto lånegjeld med 1,0 prosentpoeng, til 91,1 prosent av brutto driftsinntekt. Det er om lag 15 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal aukar meir enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Det er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå, lånefinansierar ein større del av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbar for framtidige renteaukingar. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga. Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har svekka seg gradvis dei siste åra, og har gått ned frå 2,9 prosent i 2011 til 2,4 prosent i 2013, målt i brutto driftsinntekt. I dei aller fleste kommunar er driftssituasjonen stram. I ein slik situasjon er bufferar nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før det oppstår underskot.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga, er det naudsynt å auke inntektene eller redusere tenesteproduksjonen for å oppretthalde økonomisk balanse. Dette er viktig for å kunne bygge økonomisk robuste og berekraftige kommunar.

2.1 – KOMMUNEREFORM

Stortinget har vedteke ei plan for kommunereforma i denne stortingsperioden. Reforma skal gje større og robuste kommunar som kan få fleire oppgåver og meir lokalt sjølvstyre. Reforma vil få konsekvensar for dei fleste kommunane i Noreg.

Målet med kommunereforma er å sikre gode velferdstenester til oss alle: Gode skular, pleie og omsorg når vi blir eldre, trygge barnehagar for barna våre. Det handlar også om kva som skal til for å ta vare på dei innbygarane som treng det aller mest. Gode og likeverdige tenester til innbygarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, berekraftige og økonomisk robuste kommunar og eit styrka lokaldemokrati er måla for reforma.

Regjeringa ønskjer sterke og robuste kommunar, som kan få fleire oppgåver og meir ansvar. Dei fleste tenester løysast best nærmast innbygarane, i lokalsamfunna.

Det leggst opp til to ulike løp i reformperioden. Kommunar som vedtar samanslåing seinast hausten 2015 følgjes opp med kongelege resolusjonar våren 2016. For dei andre kommunane leggst det opp til at kommunane fattar vedtak innan sommaren 2016. Regjeringa planlegg å fremme ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017.

Fylkesmannen får ei sentral rolle i arbeidet med kommunereforma. I oppdragsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet heiter det mellom anna at fylkesmannen skal vere ein tilretteleggjar og koordinator i dei prosessane som skal gjennomførast lokalt og regionalt. Dette skal skje i nært samarbeid med KS regionalt. I kvart fylke vil det bli tilsett ein prosessrettleiar hos Fylkesmannen.

Eit fleirtal i Kommunal- og forvaltningskomiteen understrek at «det er eit utgreiingsansvar for alle kommunar». Det betyr at alle kommunar skal gå gjennom prosessen med å diskutere og vurdere samanslåing, samt gjøre vedtak innan våren 2016. Det vil frå departementet sin side bli utarbeida verktoy/statistikkmateriell over mellom anna befolkningsutvikling, arbeidskraftbehov innan ulike sektorar, nøkkeltal for økonomi og tenesteproduksjon, pendlingsdata for eigen kommune og for den regionen den høyrar til. Med dette som grunnlag, vil kommunane kunne lage eit utfordringsbilete for seg sjølv og aktuelle samanslåingskandidatar.

Fylkesmannen skal òg vurdere heilskapen i regionen, og sjå til at prosessar som er satt i gang blir avslutta innan våren 2016 og vedtak blir gjort før sommaren same året. Når vedtak er fatta skal kommunane melde desse inn via fylkesmannen. Fylkesmannen skal på sjølvstendig grunnlag vurdere dei samla kommunestyrevedtaka i fylket. I fylkesmannen si tilbakemelding til departementet bes det om at det blir gjort ei vurdering om vedtaka er i tråd med ekspertutvalet sine kriterium og måla i reforma, jf. kap. fire i kommuneproposisjonen for 2015.

3 – FRÅ BRUTTO DRIFTSRESULTAT TIL NETTO DRIFTSRESULTAT

På nettstaden til Statistisk sentralbyrå finn ein store mengder Kostra-tal. I dette kapitelet vil vi sjå på eit utval av indikatorar som seier noko om den totale økonomiske situasjonen til kommunane i fylket. Då er det nokre indikatorar som skil seg ut som meir interessante og meningsfulle å sjå på enn andre. Dei indikatorane vi har valt å sjå nærmare på i dette kapitlet seier noko om nivået på drifta i kommunane. Dei aktuelle indikatorane har fått ein kort definisjon under.

Brutto driftsinntekter (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, brukarbetalingar, eigedomsskatt, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.

Brutto driftsresultat (BDR) er brutto driftsinntekter (BDI) trekt frå driftsutgifter utanom renter og avdrag. Dette resultatet skal dekke netto rente- og avdragsutgifter samt eventuelle pliktige avsetningar.


Renteinntekter, utbytte og eigaruttak er saman med kursgevinstar vedkommande finansielle instrument det vi kallar eksterne finansinntekter.

Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter er saman med kurstap vedkommande finansielle instrument og avdragsutgifter det vi kallar eksterne finansutgifter.

Motpost avskrivningar annullerer avskrivningar, som inngår i brutto driftsresultat, slikt at ein får netto driftsresultat.

Netto driftsresultat (NDR) er resultatet som kjem fram når renter og avdrag er trekt frå brutto driftsresultat. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat syner kor stor del av inntektene i kommunane som går med til å betale renter og avdrag. Ein kommune kan òg ha eit betre NDR enn BDR dersom ein har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. Eit positivt NDR vil seie at kommunen har opparbeidd seg ein økonomisk handlefridom som kommunen kan nyte godt av ved ei seinare anledning; til dømes til eigenfinansiering av investeringar. Syner netto driftsresultat eit underskot, må kommunen nytte tidlegare avsetningar til å finansiere året sine driftsutgifter. NDR er sett på som den viktigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommunen. Over tid er det ei tilråding at NDR er minst tre prosent av brutto driftsinntekter for kommunane. Då vert formuesbevaringsprinsippet ivareteken.

Figur 1 syner alle postane frå brutto driftsresultat til netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Tala er frå 2011 til 2013, og er snittet for kommunane i Møre og Romsdal.



Figur 1 syner at netto driftsresultat blei på 2,1 prosent av driftsinntektene i 2013. Det er på same nivå som i 2012, og heile 4,7 prosentpoeng høgare enn i 2008. Sjølv om netto driftsresultat er positivt, er nivået lågare enn det som blir anbefalt frå teknisk berekningsutval.

Ser vi på driftsnivået, brutto driftsresultat, så har det svekka seg noko frå året før. Det indikerer at den underliggjande driftsbalansen framleis er svak. Dersom kommunane skal få eit netto driftsresultat på nivå med TBU anbefalinga på minst tre prosent når rentenivået går opp og finansielle instrument ikkje gir same avkastning, så må kommunane redusere tenesteproduksjonen eller auke inntektene.

Kommunane betaler i gjennomsnitt 0,7 prosentpoeng mindre i avdrag enn dei har i avskrivningar. Det viser at verdien på kommunane sine eigendelar reduserast med meir enn kommunane betalar ned på lån som høyrar til, noko som igjen reduserer formuen.

3.1 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT

Tabell 1			
Brutto driftsresultat i % av BDI			
	2011	2012	2013
1502 Molde	3,0 %	3,1 %	2,2 %
1504 Ålesund	1,0 %	2,0 %	1,0 %
1505 Kristiansund	3,4 %	-0,2 %	0,8 %
1511 Vanylven	-0,1 %	2,9 %	7,0 %
1514 Sande	4,5 %	1,8 %	-2,0 %
1515 Herøy	5,6 %	2,5 %	-7,4 %
1516 Ulstein	2,7 %	6,4 %	9,8 %
1517 Hareid	0,7 %	2,7 %	1,9 %
1519 Volda	3,3 %	-1,2 %	-0,1 %
1520 Ørsta	0,3 %	2,0 %	1,1 %
1523 Ørskog	-1,6 %	1,1 %	1,1 %
1524 Norddal	-0,2 %	2,7 %	1,2 %
1525 Stranda	10,4 %	6,2 %	7,7 %
1526 Stordal	5,3 %	8,4 %	9,1 %
1528 Sykkylven	4,2 %	1,1 %	0,3 %
1529 Skodje	-0,3 %	1,0 %	2,1 %
1531 Sula	5,2 %	4,7 %	2,6 %
1532 Giske	0,9 %	4,9 %	6,7 %
1534 Haram	-0,1 %	2,4 %	3,1 %
1535 Vestnes	-0,4 %	0,5 %	0,5 %
1539 Rauma	0,0 %	0,1 %	0,4 %
1543 Nesset	2,5 %	-1,2 %	0,6 %
1545 Midsund	4,6 %	4,2 %	5,8 %
1546 Sandøy	-1,3 %	-3,8 %	-3,6 %
1547 Aukra	21,4 %	21,6 %	26,1 %
1548 Fræna	2,9 %	0,9 %	1,1 %
1551 Eide	0,5 %	1,8 %	0,3 %
1554 Averøy	6,4 %	3,5 %	6,1 %
1557 Gjemnes	-0,4 %	3,4 %	7,1 %
1560 Tingvoll	4,1 %	2,5 %	4,1 %
1563 Sunndal	0,4 %	2,6 %	3,4 %
1566 Surnadal	4,9 %	3,5 %	-3,1 %
1567 Rindal	2,3 %	2,1 %	1,8 %
1571 Halså	4,7 %	7,6 %	6,4 %
1573 Smøla	0,2 %	0,5 %	0,7 %
1576 Aure	8,9 %	8,8 %	3,5 %
Møre og Romsdal	2,9 %	2,7 %	2,4 %
Noreg utan Oslo	2,2 %	2,5 %	2,1 %

Tabell 1 syner brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Brutto driftsresultat er dei totale driftsinntektene trekt frå utgiftene som er knytt til den årlege drifta av kommunane. Eit godt brutto driftsresultat kan nyttast til å svare for ei høgare lånegjeld, til eigenkapital i investeringar eller til å dekke opp for uventa utgifter eller svikt i inntekta.

Tabell 1 syner at brutto driftsresultat har svekka seg gradvis for Møre og Romsdal dei tre siste åra. Sidan 2011 har det blitt svekka med 0,5 prosentpoeng, til 2,4 prosent i 2013. For Noreg utanom Oslo har brutto driftsresultat også svekka seg det siste året. Brutto driftsresultat har vore på eit høgare nivå i Møre og Romsdal enn for Noreg utan Oslo dei siste tre åra, men Noreg utan Oslo nærmar seg gradvis same nivå.

Aukra har det høgaste brutto driftsresultatet i fylket med 26,1 prosent av driftsinntektene. Mykje av det gode resultatet skuldast at Aukra har store inntekter frå skatt på eigedom. Brutto driftsresultat for Møre og Romsdal utanom Aukra er 1,7 prosent i 2013. Herøy fekk det lågaste brutto driftsresultatet i 2013 med -7,4 prosent av driftsinntektene. Skilnaden mellom høgaste og lågaste brutto driftsresultat er på 33,5 prosentpoeng.

I 2013 var det fem kommunar som hadde eit negativt brutto driftsresultat. I 2012 var det fire kommunar, og åtte kommunar i 2011. Når ein kommune får eit negativt brutto driftsresultat, vil det seie at dei har

nyttå meir enn driftsinntektene til å drifte kommunen. Ved å nytte så mykje av driftsinntektene til drifta, er kommunen avhengig av eit positivt bidrag frå finanstransaksjonane, eller oppsparte midlar frå tidlegare år, for å unngå eit meirforbruk som dei må dekke i åra som kjem.

Tabell 2				
Tabell Eigedomsskatt				
	2003	2011	2012	2013
1502 Molde	48 079	53 725	62 655	69 372
1504 Ålesund	19 770	22 366	22 797	25 453
1505 Kristiansund	20 796	51 933	58 024	63 226
1511 Vanylven	0	0	0	0
1514 Sande	0	0	0	0
1515 Herøy	0	0	0	0
1516 Ulstein	0	0	0	0
1517 Hareid	0	0	0	0
1519 Volda	0	0	0	0
1520 Ørsta	0	0	0	3 293
1523 Ørskog	0	0	0	0
1524 Norddal	0	18 930	19 896	21 925
1525 Stranda	0	0	0	7 203
1526 Stordal	0	0	0	0
1528 Sykkylven	0	0	0	0
1529 Skodje	0	0	0	0
1531 Sula	0	0	0	0
1532 Giske	0	0	0	0
1534 Haram	0	0	0	0
1535 Vestnes	0	0	8 576	8 578
1539 Rauma	8 170	19 158	18 455	21 643
1543 Nesset	5 648	10 797	13 108	13 742
1545 Midsund	0	0	0	0
1546 Sandøy	0	929	1 295	1 295
1547 Aukra	0	137 445	144 987	181 759
1548 Fræna	8 407	23 916	24 868	27 323
1551 Eide	0	0	0	0
1554 Averøy	1 233	17 096	20 511	18 850
1557 Gjemnes	331	1 642	9 833	9 702
1560 Tingvoll	0	595	595	595
1563 Sunndal	47 367	80 773	83 533	87 246
1566 Surnadal	8 072	17 840	19 538	20 178
1567 Rindal	3 029	6 972	7 378	7 835
1571 Halså	0	1 307	1 247	6 206
1573 Smøla	2 645	8 336	12 000	12 143
1576 Aure	22 457	37 020	37 304	37 072
Møre og Romsdal	196 004	510 780	566 600	644 639
Noreg utan Oslo	..	7 569 994	8 075 909	8 875 819

og Sunndal som hadde dei høgste inntektene frå eigedomsskatt, men tabellen viser at det er fleire kommunar på veg opp. Av dei tre største byane var det Molde som hadde dei høgste inntektene, medan Ålesund hadde lågast inntekter. Aukra med Ormen Lange og Sunndal med aluminiumsverket har den største eigedomsskatten i Møre og Romsdal. Dei skil seg enda meir ut om vi tar omsyn til folketalet i desse to kommunane. Det er klart at Aukra, Sunndal og andre kommunar med eit godt grunnlag for eigedomsskatt, har hatt eller vil få ein større økonomisk fridom enn andre kommunar i fylket. Oversikta viser også at dei fleste av kommunane på Nordmøre og Romsdal har eigedomsskatt, medan det er færre på Sunnmøre.

Kommunane har få moglegheiter til å påverke inntektene sine sjølv, dersom ein ser bort frå tiltak av meir indirekte karakter, som å gjere kommunen meir attraktiv for tilflytting og leggje forholda betre til rette for næringsutvikling. Det finst likevel eit unnatak og det er eigedomsskatten.

Kommunane bestemmer sjølv om dei skal ha eigedomsskatt i kommunen og dei bestemmer sjølv nivået på skatten, innanfor rammene fastsett i lov om eigedomsskatt. I vårt fylke hadde 21 kommunar eigedomsskatt i 2013. Til samanlikning var det berre tretten kommunar som hadde eigedomsskatt i 2003. Vi ser at for alle kommunane med eigedomsskatt, aukar inntektene meir eller mindre over alle åra.

Fordelinga mellom kommunane er ujamn, noko som forutan dei openbare politiske årsakene, også skuldast næringsmessige og geografiske forhold. Det var Aukra

3.2 – EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONAR

Tabell 3			
Netto finanstransaksjoner i % av BDI			
	2011	2012	2013
1502 Molde	7,9 %	7,3 %	7,1 %
1504 Ålesund	5,8 %	4,9 %	5,1 %
1505 Kristiansund	5,2 %	4,5 %	5,0 %
1511 Vanylven	2,8 %	4,1 %	3,5 %
1514 Sande	4,8 %	2,3 %	1,7 %
1515 Herøy	5,0 %	3,9 %	2,2 %
1516 Ulstein	5,9 %	6,3 %	5,7 %
1517 Hareid	6,5 %	6,8 %	5,1 %
1519 Volda	5,4 %	4,8 %	3,9 %
1520 Ørsta	3,5 %	4,4 %	1,9 %
1523 Ørskog	3,6 %	3,3 %	3,6 %
1524 Norddal	4,4 %	5,8 %	6,1 %
1525 Stranda	13,8 %	10,6 %	8,9 %
1526 Stordal	3,0 %	2,3 %	5,1 %
1528 Sykkylven	7,6 %	4,5 %	4,3 %
1529 Skodje	6,7 %	4,1 %	5,5 %
1531 Sula	4,6 %	3,2 %	3,6 %
1532 Giske	10,8 %	6,0 %	5,8 %
1534 Haram	12,0 %	3,9 %	2,3 %
1535 Vestnes	5,3 %	-2,3 %	3,8 %
1539 Rauma	1,9 %	2,4 %	3,1 %
1543 Nesset	4,2 %	4,6 %	4,9 %
1545 Midsund	3,7 %	4,3 %	3,9 %
1546 Sandøy	7,0 %	1,4 %	-0,7 %
1547 Aukra	1,1 %	2,0 %	3,7 %
1548 Fræna	6,2 %	4,1 %	4,3 %
1551 Eide	8,8 %	4,5 %	3,8 %
1554 Averøy	6,1 %	6,4 %	6,6 %
1557 Gjemnes	6,6 %	5,3 %	4,8 %
1560 Tingvoll	7,5 %	7,5 %	8,1 %
1563 Sunndal	1,7 %	2,1 %	2,6 %
1566 Surnadal	4,2 %	3,8 %	2,9 %
1567 Rindal	3,9 %	4,0 %	3,6 %
1571 Halså	3,9 %	4,6 %	5,7 %
1573 Smøla	5,8 %	4,7 %	5,1 %
1576 Aure	4,2 %	4,3 %	4,4 %
Møre og Romsdal	5,8 %	4,6 %	4,6 %
Noreg utan Oslo	4,2 %	3,8 %	3,6 %


Kjelde: SSB

Tabell 3 syner resultatet av dei eksterne finansieringstransaksjonane i prosent av brutto driftsinntekter. Det vil seie resultat etter at eksterne finansutgifter er trekt frå eksterne finansinntekter. Eksterne finansinntekter er i all hovudsak renteinntekter, utbytte og eigaruttak samt gevinst på finansielle instrument. Eksterne finansutgifter er i all hovudsak renteutgifter, avdrag og tap på finansielle instrument. I tillegg er utlån og mottatte avdrag på utlån med i denne indikatoren.

Alle kommunane, forutan Sandøy, har ei netto utgift i finanstransaksjonane i 2013. Kommunar med ei netto utgift til finanstransaksjonane er avhengig av å ha eit positivt resultat frå den årlege drifta (brutto driftsresultat), eller oppsparte midlar frå tidligare år, for å dekke finansutgiftene. Få kommunar får ei netto finansinntekt frå finanstransaksjonane.

Kommunane her i fylket hadde i snitt høgare netto finansutgifter enn Noreg utan Oslo alle tre åra.

Vi ser av tabellen at det har vore svingingar i talet for Møre og Romsdal dei siste tre åra. Det har vore same tendensar for landet utan Oslo. For Møre og Romsdal ser vi at 4,6 prosent av driftsinntektene gjeikk med til å dekkje netto renter og avdrag i 2013. For Noreg utan Oslo er talet på 3,6 prosent. Denne skilnaden har samband med at kommunane i Møre og Romsdal har høgare lånegjeld enn kva snittet er for landet.



Kjelde: SSB

Figur 2 syner dei kommunane som har hatt netto gevinst eller tap på finansielle instrument i 2011 til 2013. Dei to variablane var tidlegare i same post som renteinntektene eller renteutgiftene. 2009 var fyrste året dei var i ein eigen variabel.

Av Figur 2 går det fram at det vart netto gevinst for kommunane i Noreg utan Oslo i 2011, medan det vart netto tap i 2012 og 2013. Målt i prosent av brutto driftsinntekt, vart gevinsten på 0,1 i 2011 og tap på 0,4 i 2012 og 0,5 i 2013. For kommunane i Møre og Romsdal vart det gevinst på 0,4 i 2011, medan det vart tap på 0,6 prosent i 2012 og 0,7 prosent i 2013.


På kommunenivå ser vi at det er stor skilnad i kor mykje resultatet frå dei finansielle instrumenta utgjer i prosent av brutto driftsinntekt. Haram hadde i 2013 eit tap frå finansielle instrument på nærmare 5,4 prosent av brutto driftsinntekt, medan dei i 2011 hadde ein gevinst på 3,2 prosent.

Det var ingen kommunar i Møre og Romsdal som fekk ein netto gevinst på finansielle instrument i 2013.

3.3 – NETTO DRIFTSRESULTAT


Netto driftsresultat blir sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat syner overskotet, eller underskotet, etter at alle årets utgifter er trekt frå alle årets inntekter. Netto driftsresultat syner på den måten kor stor del av inntekta det året som er igjen til disposisjon, eller som må dekkast av oppsparte midlar. Dei frie midlane i netto driftsresultat kan nyttast til å finansiere investeringar eller bli avsett til seinare år. Om kommunen har fått eit negativt netto driftsresultat, må det dekkast ved å nytte tidlegare avsette midlar og/eller stryke budsjetterte avsetningar, for å unngå meirforbruk. Det tekniske berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunesektoren bør utgjere om lag 3 til 3,5 prosent over tid for at formuebevaringsprinsippet skal bli ivareteken. Det tilrådde nivået på netto driftsresultat kan variere frå kommune til kommune, særleg knytt til graden av lånefinansieringa i kommunen. Om ein kommune betaler mykje over minste tillatne avdrag, vil den framleis ivareta formuen sjølv om netto driftsresultat er lågare enn tre prosent. Om kapitalslitet i ein kommune er høgare enn betalte avdrag, så stiller det høgare krav til eit godt netto driftsresultat for at formuen skal bli ivaretatt.

Figur 3 syner netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter dei siste fem år under eit på fylkes- og landsnivå. Det vil seie at netto driftsresultat frå 2009 til 2013 er blitt rekna saman for alle kommunane i kvart fylke. Netto driftsresultat er så delt på summen av driftsinntektene dei siste fem år. Då får ein sjå korleis netto driftsresultat har vore over tid.



Av Figur 3 ser vi at Møre og Romsdal sitt netto driftsresultat dei siste fem år under eit er i det nedre sjiktet av alle kommunane med eit snitt på 1,7 prosent av brutto driftsinntekter. Møre og Romsdal sitt netto driftsresultat dei siste fem år godt under halvparten av tilrådinga frå Teknisk berekningsutval. Berre to fylker når tilrådinga frå TBU om netto driftsresultat på minst tre prosent. Alle kommunane i Noreg utanom Oslo har hatt eit netto driftsresultat på 2,3 prosent dei siste fem år under eit.

Figur 4 syner netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for dei fem siste år under eit for kommunane i Møre og Romsdal.



Figur 4 syner at det er ni kommunar som har hatt eit netto driftsresultat dei siste fem år som er over tilrådinga frå TBU. Ytterlegare tre kommunar har eit netto driftsresultat som er høgare enn for Noreg utanom Oslo. Det er fire kommunar som har hatt eit negativt netto driftsresultat dei siste fem år under eit.

Tabell 4			
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2011	2012	2013
1502 Molde	0,0 %	0,8 %	0,0 %
1504 Ålesund	-0,5 %	1,4 %	0,4 %
1505 Kristiansund	2,1 %	-1,0 %	-0,4 %
1511 Vanylven	0,9 %	2,8 %	7,5 %
1514 Sande	3,4 %	3,4 %	0,6 %
1515 Herøy	5,1 %	2,9 %	-5,1 %
1516 Ulstein	-0,6 %	2,4 %	8,5 %
1517 Hareid	0,1 %	1,3 %	2,0 %
1519 Volda	1,9 %	-1,7 %	0,4 %
1520 Ørsta	0,4 %	1,2 %	2,9 %
1523 Ørskog	-0,6 %	2,5 %	2,5 %
1524 Norddal	0,6 %	2,2 %	1,0 %
1525 Stranda	-3,2 %	1,4 %	6,3 %
1526 Stordal	4,2 %	7,8 %	7,2 %
1528 Sykkylven	0,3 %	0,3 %	-0,2 %
1529 Skodje	-2,4 %	1,3 %	0,1 %
1531 Sula	4,6 %	5,5 %	3,5 %
1532 Giske	-5,7 %	3,1 %	5,2 %
1534 Haram	-7,1 %	3,3 %	5,5 %
1535 Vestnes	-2,0 %	6,2 %	0,0 %
1539 Rauma	1,2 %	0,5 %	0,2 %
1543 Nesset	1,7 %	-3,2 %	-1,0 %
1545 Midsund	3,0 %	2,6 %	4,3 %
1546 Sandøy	-3,8 %	-0,8 %	0,6 %
1547 Aukra	24,3 %	23,8 %	26,1 %
1548 Fræna	-0,3 %	0,1 %	0,4 %
1551 Eide	-4,4 %	1,0 %	0,1 %
1554 Averøy	3,5 %	1,1 %	3,3 %
1557 Gjemnes	-3,1 %	1,8 %	5,9 %
1560 Tingvoll	1,1 %	0,1 %	1,0 %
1563 Sunndal	2,1 %	4,1 %	4,2 %
1566 Surnadal	4,5 %	3,6 %	-2,1 %
1567 Rindal	3,5 %	3,2 %	3,6 %
1571 Halså	4,2 %	6,2 %	5,9 %
1573 Smøla	0,3 %	1,4 %	1,4 %
1576 Aure	4,7 %	4,4 %	3,4 %
Møre og Romsdal	1,0 %	2,1 %	2,1 %
Noreg utan Oslo	2,1 %	2,9 %	2,7 %

Kjelde: SSB

Tabell 4 syner utviklinga i netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på kommunenivå i Møre og Romsdal for kvart av dei siste tre år. Vi ser at netto driftsresultat har utvikla seg ulikt mellom kommunane, og i den einskilde kommune frå år til år.

I 2013 hadde kommunane i Møre og Romsdal samla identisk resultat som i 2012 på 2,1 prosent. I 2013 var netto driftsresultat 0,6 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet i Noreg utan Oslo.

Ser vi bort i frå tala til Aukra, reduserast nettodriftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal til 1,6 prosentpoeng. Med andre ord påverkar Aukra sitt sterke netto driftsresultat fylkessnittet med 0,5 prosentpoeng.

Tabell 4 syner at 32 kommunar har hatt eit positivt netto driftsresultat i snitt dei tre siste år. 9 av kommunane har hatt eit snitt på netto driftsresultat som er på nivå med tilrådinga frå teknisk beregningsutvalg på om lag 3 til 3,5 prosent over tid. Ingen kommunar har hatt negativt netto driftsresultat alle dei tre siste år.

4 – INVESTERINGAR OG LÅNEGJELD

Tabell 5			
Brutto investeringsutgifter i % av BDI			
	2011	2012	2013
1502 Molde	13,3 %	15,7 %	14,9 %
1504 Ålesund	17,3 %	18,7 %	17,8 %
1505 Kristiansund	8,5 %	7,0 %	12,1 %
1511 Vanylven	11,7 %	19,9 %	33,4 %
1514 Sande	13,7 %	9,7 %	11,4 %
1515 Herøy	7,2 %	7,5 %	9,8 %
1516 Ulstein	12,0 %	26,4 %	38,1 %
1517 Hareid	5,8 %	7,0 %	9,3 %
1519 Volda	15,0 %	9,6 %	5,7 %
1520 Ørsta	15,7 %	10,3 %	4,9 %
1523 Ørskog	8,3 %	14,8 %	11,4 %
1524 Norddal	8,8 %	10,4 %	15,1 %
1525 Stranda	38,4 %	15,8 %	18,2 %
1526 Stordal	21,9 %	40,4 %	12,1 %
1528 Sykkylven	20,4 %	4,1 %	6,2 %
1529 Skodje	9,8 %	15,7 %	14,8 %
1531 Sula	20,1 %	28,6 %	12,0 %
1532 Giske	23,7 %	22,3 %	33,8 %
1534 Haram	11,3 %	5,6 %	11,1 %
1535 Vestnes	4,1 %	4,2 %	5,8 %
1539 Rauma	7,4 %	5,7 %	7,4 %
1543 Nesset	11,8 %	2,6 %	5,5 %
1545 Midsund	16,5 %	10,0 %	9,4 %
1546 Sandøy	9,2 %	7,2 %	19,7 %
1547 Aukra	30,7 %	43,0 %	49,5 %
1548 Fræna	10,5 %	11,8 %	5,5 %
1551 Eide	6,0 %	9,8 %	3,3 %
1554 Averøy	21,5 %	7,9 %	22,6 %
1557 Gjemnes	5,0 %	1,7 %	2,4 %
1560 Tingvoll	9,1 %	10,4 %	11,9 %
1563 Sunndal	6,3 %	3,8 %	6,2 %
1566 Surnadal	9,1 %	7,1 %	6,4 %
1567 Rindal	12,5 %	8,9 %	17,1 %
1571 Halså	23,1 %	49,8 %	9,1 %
1573 Smøla	5,2 %	10,7 %	9,4 %
1576 Aure	16,5 %	7,3 %	6,1 %
Møre og Romsdal	13,6 %	13,3 %	14,1 %
Noreg utan Oslo	12,9 %	12,3 %	12,7 %

trongen meldar seg innanfor dei ulike sektorane.

Tabell 5 syner totale investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter. Totale investeringsutgifter er i hovudsak kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen, renteutgifter og lønsutgifter. Det vil seie utgiftene i investeringsrekneskapan fråtrekt utlån, avdragsutgifter, avsetningar, dekning av tidlegare års udekkja og kjøp av aksjar og andelar. Legg ein til dei nemnte utgiftene, får ein finansieringsbehovet det året.

Investeringsutgiftene i Møre og Romsdal har vært stabile dei siste tre år, og har berre variert frå 13,3 prosent av brutto driftsinntekter til 14,1 prosent. I Noreg utan Oslo har heller ikkje investeringsutgiftene variert mykje. Variasjonen der har vært frå 12,3 prosent av brutto driftsinntekter, til 12,9 prosent. Dei tre siste år har kommunane i Møre og Romsdal samla investert for om lag ein prosent meir.

Tabellen viser og at investeringsnivået for Møre og Romsdal og Noreg gikk noko ned frå 2011 til 2012, for deretter å stige i 2013.

Tabell 5 syner òg at investeringsutgiftene varierer stort mellom kommunane, og i den einskilde kommune frå år til år. Nokre av dei største kommunane som Molde og Ålesund, har meir eller mindre stabile investeringsutgifter, medan investeringsutgiftene til dei mindre kommunane kan variere mykje frå år til år. For små kommunar kan investeringar i skule eller omsorgsbustadar gje store utslag. Dei større kommunane har kanskje eit meir stabilt behov for investeringar etter kvart som

Tabell 6			
Lånefinansiering av investeringer i %			
	2011	2012	2013
1502 Molde	74,7 %	72,8 %	77,0 %
1504 Ålesund	73,7 %	81,9 %	58,4 %
1505 Kristiansund	60,9 %	76,4 %	83,0 %
1511 Vanylven	91,2 %	87,2 %	73,2 %
1514 Sande	66,9 %	79,6 %	75,7 %
1515 Herøy	84,0 %	81,6 %	68,1 %
1516 Ulstein	77,9 %	78,5 %	83,8 %
1517 Hareid	77,9 %	83,1 %	75,2 %
1519 Volda	60,9 %	78,4 %	60,3 %
1520 Ørsta	82,1 %	105,7 %	49,0 %
1523 Ørskog	83,1 %	82,6 %	73,2 %
1524 Norddal	24,4 %	95,8 %	85,4 %
1525 Stranda	92,6 %	84,8 %	78,3 %
1526 Stordal	74,0 %	48,7 %	84,7 %
1528 Sykkylven	87,7 %	77,6 %	83,4 %
1529 Skodje	52,8 %	75,2 %	97,4 %
1531 Sula	83,5 %	79,4 %	82,5 %
1532 Giske	91,8 %	86,2 %	83,4 %
1534 Haram	94,6 %	83,3 %	94,3 %
1535 Vestnes	47,0 %	79,9 %	28,2 %
1539 Rauma	76,2 %	74,2 %	46,8 %
1543 Nesset	83,4 %	57,5 %	68,9 %
1545 Midsund	88,1 %	84,4 %	63,8 %
1546 Sandøy	81,3 %	73,2 %	84,9 %
1547 Aukra	52,5 %	66,9 %	44,7 %
1548 Fræna	75,4 %	75,0 %	76,7 %
1551 Eide	83,1 %	83,4 %	75,3 %
1554 Averøy	78,7 %	70,4 %	68,5 %
1557 Gjemnes	69,0 %	48,6 %	64,2 %
1560 Tingvoll	82,4 %	88,2 %	86,8 %
1563 Sunndal	76,0 %	68,4 %	64,5 %
1566 Surnadal	79,5 %	79,9 %	68,0 %
1567 Rindal	68,7 %	56,2 %	64,6 %
1571 Halså	79,5 %	59,4 %	86,1 %
1573 Smøla	67,8 %	84,3 %	78,9 %
1576 Aure	79,9 %	3,8 %	86,6 %
Møre og Romsdal	74,6 %	77,1 %	71,5 %
Noreg utan Oslo	68,5 %	67,9 %	68,5 %


tilbake lånegjelda. Med bakgrunn i dette er det ikkje overraskande at lånegjelda for kommunane i Møre og Romsdal ligg over snittet til landet utanom Oslo.

Kommunar har i hovudsak berre lov til å lånefinansiere investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmidlar til eigen nytte. Tabell 6 syner kor stor del av investeringane kommunane finansierer med lån. Tala er rekna ut frå bruk av lån delt på finansieringsbehovet.

Tabell 6 syner at kommunane i Møre og Romsdal lånefinansierer ein høgare del av investeringane enn landsgjennomsnittet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal lånefinansierte om lag 3 prosent meir av finansieringsbehovet enn landsgjennomsnittet utanom Oslo i 2013.

På kommunenivå er det store variasjonar mellom kommunane, og i kommunane frå år til år. Til dømes lånefinansierte Haram 94,3 prosent av investeringsbehovet med lån i 2013, mot 83,3 prosent i 2012. Av Tabell 5 går det fram at kommunen investerte for 11,1 prosent av brutto driftsinntekt i 2013, og for 5,6 prosent i 2012. Det er klart at det er lettare for ein kommune i eit år med relativt små investeringar å fullfinansiere dei med egne midlar, enn det er i eit år med store investeringar. Tilskotsordningar frå staten eller andre vil òg redusere behovet for kommunane til å ta opp lån.

Tendensen dei siste åra er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå enn gjennomsnittet av landet utanom Oslo. Kommunane i Møre og Romsdal lånefinansierer ein større del av investeringane og nyttar lengre tid for å betale



Figur 5 syner netto lånegjeld målt i prosent av brutto driftsinntekter for kommunane i Møre og Romsdal samla, og for alle kommunane i Noreg utanom Oslo. Netto lånegjeld er her definert som langsiktig gjeld trekt frå pensjonsforpliktingar, totale utlån og unytta lånemidlar. Netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene syner gjeldsgraden i kommunane, og seier noko om kor krevjande det kan bli å betale tilbake lånegjelda. Lånefinansierte investeringar i VAR-sektoren (Vann, Avløp og Renovasjon) kan ha forstyrta indikatoren noko, lån til investeringar i VAR-sektoren er med i indikatoren, men slike investeringar er sjølvfinansierande for kommunane, og vil difor ikkje påføre kommunane utgifter. Nokon kommunar vel i større grad å leige lokala enn andre, og får med det lågare lånegjeld og finanskostnader, men høgare driftsutgifter.

Av Figur 5 går det fram at kommunane i Møre og Romsdal har høgare netto lånegjeld enn Noreg utan Oslo dei tre siste år, målt i prosent av brutto driftsinntekter. Frå 2011 til 2013 auka lånegjelda til kommunane i Møre og Romsdal med 1,2 prosentpoeng i høve til brutto driftsinntekter. Lånegjelda for alle kommunane utanom Oslo har auka med 1,9 prosentpoeng frå 2011 til 75,9 prosent av brutto driftsinntekter i 2013. Netto lånegjeld er over 15 prosentpoeng høgare i kommunane i Møre og Romsdal samla, målt i brutto driftsinntekter, enn for alle kommunane utanom Oslo i 2013.

Storleiken på lånegjelda varierer mykje frå kommune til kommune.

Tabell 7			
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	2011	2012	2013
1502 Molde	116,6 %	117,2 %	123,0 %
1504 Ålesund	84,9 %	89,0 %	96,2 %
1505 Kristiansund	72,6 %	71,9 %	74,0 %
1511 Vanylven	52,0 %	60,9 %	69,3 %
1514 Sande	75,9 %	76,1 %	79,4 %
1515 Herøy	84,6 %	81,6 %	81,6 %
1516 Ulstein	119,2 %	148,1 %	160,4 %
1517 Hareid	102,3 %	95,8 %	90,8 %
1519 Volda	98,9 %	100,5 %	98,1 %
1520 Ørsta	89,7 %	85,5 %	83,1 %
1523 Ørskog	65,5 %	65,4 %	67,1 %
1524 Norddal	108,6 %	112,4 %	116,7 %
1525 Stranda	224,5 %	265,9 %	226,4 %
1526 Stordal	62,2 %	77,7 %	92,6 %
1528 Sykkylven	97,7 %	91,9 %	91,0 %
1529 Skodje	102,8 %	91,4 %	85,8 %
1531 Sula	80,7 %	94,2 %	97,8 %
1532 Giske	121,4 %	102,3 %	133,4 %
1534 Haram	119,4 %	112,0 %	112,6 %
1535 Vestnes	73,6 %	67,9 %	64,1 %
1539 Rauma	56,5 %	53,7 %	49,8 %
1543 Nesset	84,5 %	81,3 %	80,4 %
1545 Midsund	74,4 %	76,6 %	74,3 %
1546 Sandøy	68,8 %	69,3 %	79,5 %
1547 Aukra	43,4 %	66,5 %	76,0 %
1548 Fræna	85,4 %	87,3 %	85,0 %
1551 Eide	108,2 %	105,2 %	102,4 %
1554 Averøy	107,0 %	124,4 %	113,3 %
1557 Gjemnes	81,5 %	73,6 %	70,9 %
1560 Tingvoll	103,8 %	103,8 %	104,1 %
1563 Sunndal	59,7 %	56,8 %	54,1 %
1566 Surnadal	67,3 %	66,2 %	64,6 %
1567 Rindal	59,9 %	55,5 %	61,7 %
1571 Halså	63,3 %	81,9 %	93,5 %
1573 Smøla	69,2 %	72,8 %	68,6 %
1576 Aure	66,2 %	59,7 %	56,9 %
Møre og Romsdal	89,9 %	90,1 %	91,1 %
Noreg utan Oslo	74,0 %	74,4 %	75,9 %

Kommunane kan ta opp lån for å finansiere investeringar. Ei investering kan til dømes vere ein skule eller ein sjukeheim. Når ein kommune finansierer investeringar med lån, vil det seie at dei må nytte framtidige inntekter til å betale for investeringa. Med andre ord så reduserast det framtidige økonomiske handlingsrommet i takt med aukande lånegjeld. Likevel kan behovet for investeringar vere høg i ein periode, og låg i den neste. Ein kommune som har vore igjennom ein periode med store investeringar kan ha dekt investeringsbehovet for ei tid framover, og kan difor nytte åra som kjem til å betale ned på lånegjelda.

Tabell 7 syner netto lånegjeld på kommunenivå i Møre og Romsdal. Vi ser at storleiken på lånegjelda varierer mykje frå kommune til kommune. Rauma har den lågaste netto lånegjelda i Møre og Romsdal med 49,8 prosent av brutto driftsinntekter. Kommunen med den høgaste lånegjelda sett i høve til brutto driftsinntekter er Stranda med 226,4 prosent. Det vil seie at Stranda må nytte omlag to og ein kvart gong så mykje som dei har i brutto driftsinntekter for å betale ned heile gjelda. Skilnaden mellom kommunen med høgast og lågast netto lånegjeld er 176,6 prosentpoeng.


I 2013 var det ni kommunar som hadde over 100 prosent av driftsinntektene i netto lånegjeld. Det er to kommunar mindre enn det var i 2011.

Etter kommunelova § 50 skal kommunane betale gjelda si med like årlege avdrag, og avdragstida skal ikkje overgå den attståande levetida for anleggsmidlane. Dei seinare åra har mange kommunar gått over til minste tillatne avdrag. Det vil seie at ein betaler mindre i avdrag kvart år, men over eit lengre tidsrom. Prisen ein betaler for det er meir i rente. Ved å gå over til minste tillatne avdrag vil ein auke det økonomiske handlingsrommet noko på kort sikt, men redusere det på lengre sikt.

5 – BRUTTO DRIFTSRESULTAT, NETTO DRIFTSRESULTAT OG LÅNEGJELD

Tidlegare har vi vore innom at det er ein samanheng mellom brutto -, netto driftsresultat og lånegjeld. Om ein kommune har høge netto finansutgifter, må kommunen ha eit høgt brutto driftsresultat for å få eit solid netto driftsresultat. Motsett blir det for ein kommune med låge netto finansutgifter. Dei kommunane treng eit relativt lågare brutto driftsresultat for å få same netto driftsresultat som ein kommune med høge netto finansutgifter.

Figur 6 syner korleis denne samanhengen mellom brutto driftsresultat og netto lånegjeld er på lands- og fylkesnivå. Tala er rekna ut frå dei siste fem rekneskapa for alle kommunane i fylka i eit, og er gitt i prosent av brutto driftsinntekter.




I Figur 6 er brutto driftsresultat (stolpane) sortert frå høgast til lågast. Den grå linja syner netto lånegjeld på fylkesnivå. Den svarte linja er ei trendlinje. Den er rekna ut frå nivået på netto lånegjeld mellom fylka. Trendlinja syner på den måten kva som er trenden, eller gjennomsnittet, å ha i netto lånegjeld med det brutto driftsresultatet.

Trendlinja syner at det er ein korrelasjon mellom storleiken på brutto driftsresultat og netto lånegjeld. Dei kommunane (fylkesvis) som har relativt høgare netto lånegjeld, har òg relativt høgare brutto driftsresultat. For nokre fylke ligg netto lånegjeld (den grå linja) over trendlinja, og andre under. Om

ein ligg over vil det seie at ein har høgare netto lånegjeld enn gjennomsnittet med det brutto driftsresultat. Isolert indikerer det at ein vil ha eit lågare netto driftsresultat enn gjennomsnittet til landet.

Figur 6 syner at dei tre fylka som har størst netto lånegjeld i høve til brutto driftsresultat er Aust-Agder, Møre og Romsdal og Finnmark. Når ein har lågt brutto driftsresultat, og høg netto lånegjeld, kan det tyde på at ein får eit lågt netto driftsresultat. Vi skal sjå nærare på det i Figur 7.

Figur 7 syner netto driftsresultat og netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på lands- og fylkesnivå. Netto driftsresultat (stolpane) er sortert frå høgast til lågast. Den grå linja er netto lånegjeld. Den svarte linja er trendlinja, eller gjennomsnittet for netto lånegjeld i høve til netto driftsresultat.



Trendlinja syner at i takt med at netto lånegjeld aukar, så er netto driftsresultat fallande. Det kan tyde på at kommunane med høg netto lånegjeld undervurderer kostnadane knytt til gjelda, og at drifta er på eit for høgt nivå. Resultatet blir eit lågt netto driftsresultat.

I Figur 6 var Aust-Agder, Vest-Agder og Møre og Romsdal dei fylka som hadde høgast netto lånegjeld i høve til brutto driftsresultat. I Figur 7 er dei tre fylka å finne blant dei åtte fylka med lågast netto driftsresultat.

At ein kommune har høg lånegjeld kan ha fleire årsaker. Ei årsak kan vere at kommunen har vore igjennom ein periode med høgt investeringsbehov, og har difor akkumulert ei høg gjeld. Når behovet er dekt, kan kommunen nytte åra som kjem til å betale ned gjelda. Ei anna årsak kan vere at kommunen har eit høgt driftsnivå, og har difor ikkje eigne midlar til finansiering av investeringane. Det gir i så fall grunn til å vurdere sin eigen situasjon nøye med tanke på om inntektene gir grunnlag for å halde drifta på det nivået kommunen har i dag.

Tabell 8 syner tala som er nytta i Figur 6 og 7. Tala er rekna ut for dei fem siste rekneskapa i eitt. Tabell 8 er sortert etter det fylke som har kommunane med høgast netto lånegjeld i høve til brutto driftsinntekt. Som Tabell 8 syner, har kommunane i Møre og Romsdal den fjerde høgaste netto lånegjelda, målt i prosent av brutto driftsinntekt. Det er seks fylker der kommunane samla har eit høgare brutto driftsresultat enn kommunane i Møre og Romsdal. Tabell 8 syner òg at kommunane i Møre og Romsdal ligg blant det lågaste netto driftsresultatet dei siste fem år i eitt.

Tabell 8			
Snitt siste 5 år			
	Netto lånegjeld i %	Brutto driftsresultat i %	Netto driftsresultat i %
Aust-Agder	90,1 %	0,5 %	1,9 %
Troms	90,1 %	3,5 %	2,1 %
Finnmark	89,4 %	2,8 %	1,9 %
Møre og Romsdal	87,8 %	2,6 %	2,1 %
Sør-Trøndelag	87,5 %	3,4 %	4,2 %
Vest-Agder	86,8 %	1,4 %	3,2 %
Akershus	82,6 %	3,9 %	4,0 %
Nord-Trøndelag	77,1 %	3,4 %	1,9 %
Østfold	74,6 %	1,8 %	1,2 %
Noreg utan Oslo	73,1 %	2,1 %	2,6 %
Sogn og Fjordane	72,8 %	2,9 %	2,9 %
Telemark	72,5 %	-0,3 %	1,6 %
Nordland	67,7 %	2,6 %	2,6 %
Hedmark	65,8 %	2,3 %	2,4 %
Vestfold	65,4 %	1,9 %	3,3 %
Hordaland	63,3 %	0,8 %	1,9 %
Buskerud	61,2 %	1,2 %	2,2 %
Rogaland	56,9 %	0,8 %	2,9 %
Oppland	55,2 %	1,2 %	2,8 %

Kjelde: SSB

6 – FOND

Tabell 9 syner kommunane sine ubundne fond i prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet er frie midlar som kommunane kan nytte etter eige ynskje. Ubundne investeringsfond kan nyttast til investeringar etter eget ynskje.

	Tabell 9			Ubundne investeringsfond		
	Disposisjonsfond			Ubundne investeringsfond		
	2011	2012	2013	2011	2012	2013
1502 Molde	1,2 %	0,7 %	0,7 %	6,9 %	6,8 %	6,8 %
1504 Ålesund	2,3 %	1,6 %	1,6 %	6,4 %	5,7 %	5,0 %
1505 Kristiansund	1,3 %	1,7 %	1,7 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %
1511 Vanylven	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,1 %	0,1 %	0,2 %
1514 Sande	0,0 %	0,5 %	0,5 %	19,4 %	18,3 %	17,2 %
1515 Herøy	2,9 %	2,5 %	2,5 %	1,9 %	2,6 %	1,3 %
1516 Ulstein	5,0 %	2,0 %	2,0 %	2,2 %	0,1 %	4,3 %
1517 Hareid	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,1 %	0,9 %	0,9 %
1519 Volda	4,7 %	2,5 %	2,5 %	11,8 %	10,6 %	9,9 %
1520 Ørsta	0,6 %	0,6 %	0,6 %	0,0 %	0,2 %	2,8 %
1523 Ørskog	8,5 %	8,5 %	8,5 %	0,0 %	2,0 %	1,9 %
1524 Norddal	6,1 %	13,3 %	13,3 %	23,6 %	16,0 %	16,0 %
1525 Stranda	2,0 %	:	:	2,4 %	:	:
1526 Stordal	11,3 %	0,2 %	0,2 %	34,1 %	30,6 %	30,5 %
1528 Sykkylven	0,3 %	0,3 %	0,3 %	2,1 %	1,4 %	1,3 %
1529 Skodje	17,2 %	12,1 %	12,1 %	10,2 %	7,4 %	6,7 %
1531 Sula	9,9 %	8,9 %	8,9 %	12,9 %	11,1 %	10,6 %
1532 Giske	3,0 %	1,7 %	1,7 %	28,4 %	25,9 %	23,4 %
1534 Haram	0,0 %	0,0 %	0,0 %	47,6 %	44,2 %	42,2 %
1535 Vestnes	0,0 %	0,1 %	0,1 %	29,7 %	27,2 %	20,0 %
1539 Rauma	1,5 %	1,6 %	1,6 %	5,2 %	4,4 %	3,2 %
1543 Nesset	4,7 %	2,8 %	2,8 %	1,1 %	1,0 %	0,9 %
1545 Midsund	0,4 %	0,5 %	0,5 %	9,9 %	9,6 %	9,7 %
1546 Sandøy	31,1 %	29,2 %	29,2 %	47,1 %	45,8 %	44,1 %
1547 Aukra	15,7 %	29,0 %	29,0 %	12,1 %	9,6 %	6,6 %
1548 Fræna	0,4 %	0,4 %	0,4 %	16,7 %	15,6 %	14,7 %
1551 Eide	11,5 %	9,8 %	9,8 %	9,1 %	8,4 %	:
1554 Averøy	2,9 %	1,8 %	1,8 %	0,7 %	0,2 %	0,2 %
1557 Gjemnes	0,1 %	0,3 %	0,3 %	6,2 %	5,6 %	6,6 %
1560 Tingvoll	5,2 %	4,6 %	4,6 %	2,1 %	1,9 %	1,8 %
1563 Sunndal	7,3 %	9,6 %	9,6 %	1,6 %	1,8 %	1,6 %
1566 Surnadal	12,7 %	12,6 %	12,6 %	2,3 %	2,0 %	1,6 %
1567 Rindal	12,6 %	11,9 %	11,9 %	0,9 %	0,5 %	0,0 %
1571 Halså	0,5 %	1,0 %	1,0 %	1,2 %	1,1 %	1,4 %
1573 Smøla	4,6 %	5,0 %	5,0 %	1,5 %	1,5 %	1,4 %
1576 Aure	8,7 %	11,2 %	11,2 %	1,3 %	1,3 %	1,2 %
Møre og Romsdal	3,8 %	3,8 %	3,8 %	8,5 %	7,8 %	7,2 %
Noreg utan Oslo	5,6 %	6,0 %	6,0 %	7,4 %	6,6 %	6,3 %

Tabell 9 syner at disposisjonsfonda til kommunane i Noreg samla utan Oslo ligg i snitt på 6,0 prosent av brutto driftsinntekter. Kommunane i Møre og Romsdal har lågare disposisjonsfond enn kommunane i Noreg samla utan Oslo. Disposisjonsfonda til kommunane i Møre og Romsdal har heldt seg stabilt på 3,8 prosent alle dei tre åra.

Ubundne investeringsfond kan berre nyttast til å finansiere investeringar. Med høg eigenfinansiering av investeringane vil ein nytte godt av lågare rente- og avdragsutgifter i åra som kjem.


Kommunane i Møre og Romsdal samla har litt

høgare ubundne investeringsfond enn kommunane i Noreg utan Oslo. På kommunenivå er det store skilnadar i nivåa på dei ubundne investeringsfonda. Tabell A-2 i appendikset syner alle fonda til kommunane, inkludert bundne drifts- og investeringsfond.

7 – FOLKETALSENDRING OG -PROGNOSE

Inntekta til kommunane kjem i stor grad frå innbyggjarane. Frå innbyggjarane får kommunane mellom anna skatteinntekt og innbyggartilskot. Dei to inntektspostane utgjer dei største inntektspostane for alle kommunane sett under eit. Innbyggartilskotet blir løyvd gjennom statsbudsjettet og delt på kommunane etter folketal og demografi¹. Innbyggjarane genererer òg skatteinntekter for kommunane. Med andre ord så får kommunane meir inntekter jo fleire innbyggjarar. Men jo fleire innbyggjarar ein kommune har, jo høgare utgifter får kommunen.


Figur 8



Figur 8 syner endringa i folketalet i Møre og Romsdal frå 1. januar 2004 til 1. januar 2014. 1. januar 2004 var folketalet i Møre og Romsdal 244 570. 1. januar 2014 var tilsvarende tal 261 530. Det er ei auking på 16 960 innbyggjarar på ti år. I prosent er aukinga på 6,9. I same periode auka folketalet i Noreg med 11,6 prosent. I Møre og Romsdal skjer folketalsaukinga i hovudsak i og rundt dei store byane. Kommunane rundt Ålesund er den regionen som har hatt den høgaste veksten i folketalet. Ålesund, Ulstein, Skodje, Sula og Giske har alle hatt over ti prosent auking i folketalet sida 2004 og dei har alle hatt ein høgare vekst enn gjennomsnittet i Noreg. Totalt er det 24 kommunar som har hatt ein vekst i folketalet dei siste ti år, medan det er 12 som har hatt ein nedgang.

¹ Meir om innbyggartilskotet og korleis det blir delt mellom kommunane fins på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/grontheft/frie-inntekter-2014.html?id=741828>


Figur 9 syner endringa i folketalet frå 1. januar 2013 til 1. januar 2014. I Noreg auka folketalet med 57 781 personar, ei auking på 1,1 prosent. I Møre og Romsdal auka folketalet med 2 126 personar, eller 0,8 prosent.



Av Figur 9 går det fram at det var 7 kommunar som hadde ein høgare vekst i folketalet enn gjennomsnittet i landet. Det var 12 kommunar som fikk ein nedgang i folketalet.

Kommunar med særleg høg auking i folketalet får eit eget veksttilskot. Veksttilskotet tildelast kommunar som gjennom den siste treårsperioden har hatt ein gjennomsnittleg årleg auking i folketalet ut over 175 prosent av gjennomsnittleg årleg auking i folketalet på landsbasis. Men kommunane må i tillegg ha skatteinntekter på under 140 prosent av landsgjennomsnittet dei siste tre åra.

Figur 10



Figur 10 syner eit kart over mellomalternativet i utviklinga i folketallet til SSB. Tala som prognosen bygger på er middels fruktbarheit, middels dødelegheit, middels innanlandsk flyttenivå og middels netto innvandring. Prognosen er framskrive av endringane i folketallet i dei seinare åra. Som en konsekvens vil dei kommunane som har hatt ein vekst i folketallet dei siste åra, vil med dei kriteria òg få ein vekst i prognosen for åra som kjem. Det same vil det vere for dei kommunane som har hatt ein nedgang i folketallet. Dei vil på same måte få ein prognose som syner at nedgangen vil halde fram. Ein må presisere at dette er ein prognose og at det er knytt ein del uvisse til tala. Mellom anna har netto innvandring frå utlandet vore høg i mange kommunar på grunn av behovet for arbeidskraft. I dei aktuelle kommunane vil det vere vanskeleg å seie noko sikkert om den tendensen med høg netto innvandring frå utlandet kjem til å vara ved i åra som kjem. På grunn av det er det knytt enda større uvisse til prognosen for dei kommunane. Tabell med dei absolutte tala for utviklinga i folketallet til 2024 er i appendikset.

I følgje prognosane vil folketallet i Møre og Romsdal auke med 10,3 prosent frå 2014 til 2024. Det betyr ei aukiing med 26 428 personar. Om prognosen stemmer, vil det den 1. januar 2024 vere 288 530 innbyggjarar i Møre og Romsdal. Prognosane for Noreg er at folketallet vil auke med 12,5 prosent, eller 628 416 personar. Den 1. januar i 2024 vil det då vere 5 745 932 personar i Noreg.


8 – REGISTER OM BETINGA GODKJENNING OG KONTROLL (ROBEK)

ROBEK er eit register over kommunar og fylkeskommunar som må ha godkjenning frå fylkesmannen for å kunne foreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtalar.


Ein kommune skal registreras t i ROBEK dersom eitt eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt, jf. kommunelova § 60 nr. 1:

- a) kommunestyret eller fylkestinget har vedteke å fastsette eit årsbudsjett utan at alle utgifter er dekket inn på budsjettet,
- b) kommunestyret eller fylkestinget har vedteke å fastsette ei økonomiplan utan at alle utgifter er dekket inn på økonomiplana,
- c) kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 andre punktum har vedteke at eit rekneskapsmessig underskot skal fordelast ut over det påfølgjande budsjettår etter at rekneskapet er framlagt, eller
- d) kommunen eller fylkeskommunen ikkje følgjer vedtekne plan for dekning av underskot

Tabellen under viser Robek-historikken i Noreg og Møre og Romsdal sidan registeret blei etablert i 2001.



Kartet viser dei åtte ROBEK-kommunane i Møre og Romsdal i 2014.



Appendiks

Tabell A -1						
Brutto driftsinntekter - i absolutte tall og vekst i prosent						
		2011		2012		2013
1502 Molde	4,4 %	1 753 087	6,6 %	1 867 927	5,6 %	1 972 052
1504 Ålesund	7,9 %	2 647 108	9,5 %	2 899 232	5,5 %	3 059 020
1505 Kristiansund	5,9 %	1 535 571	5,9 %	1 626 662	6,0 %	1 724 756
1511 Vanylven	6,6 %	250 593	9,2 %	273 577	5,6 %	288 882
1514 Sande	4,9 %	196 999	7,5 %	211 749	2,6 %	217 357
1515 Herøy	3,0 %	566 259	6,1 %	600 591	4,4 %	626 727
1516 Ulstein	7,0 %	484 673	8,8 %	527 178	12,2 %	591 641
1517 Hareid	5,5 %	289 585	9,6 %	317 480	6,6 %	338 337
1519 Volda	9,1 %	602 654	3,8 %	625 329	4,2 %	651 386
1520 Ørsta	7,6 %	642 301	10,4 %	708 812	3,5 %	733 697
1523 Ørskog	-1,0 %	166 598	7,7 %	179 406	5,5 %	189 357
1524 Norddal	1,1 %	187 370	6,6 %	199 772	-0,8 %	198 186
1525 Stranda	7,8 %	342 888	1,3 %	347 386	6,7 %	370 819
1526 Stordal	6,5 %	93 953	11,2 %	104 490	-1,0 %	103 404
1528 Sykkylven	9,0 %	427 597	6,7 %	456 313	4,0 %	474 640
1529 Skodje	8,8 %	262 524	8,7 %	285 381	9,1 %	311 477
1531 Sula	9,8 %	473 828	9,7 %	519 873	3,7 %	539 274
1532 Giske	7,2 %	436 056	9,6 %	477 985	9,2 %	521 941
1534 Haram	3,1 %	534 634	6,7 %	570 668	5,0 %	599 220
1535 Vestnes	3,5 %	501 435	9,6 %	549 646	6,3 %	584 014
1539 Rauma	1,6 %	479 536	8,7 %	521 437	6,2 %	553 923
1543 Nesset	1,0 %	251 345	1,2 %	254 471	3,6 %	263 617
1545 Midsund	7,9 %	160 696	3,5 %	166 386	5,2 %	175 096
1546 Sandøy	-2,1 %	116 574	1,8 %	118 629	5,1 %	124 657
1547 Aukra	5,4 %	380 432	9,1 %	415 010	14,3 %	474 310
1548 Fræna	6,7 %	632 869	3,3 %	653 969	4,0 %	680 146
1551 Eide	4,0 %	237 377	8,4 %	257 395	0,8 %	259 480
1554 Averøy	6,1 %	343 662	4,8 %	360 272	6,5 %	383 598
1557 Gjemnes	5,2 %	195 982	7,1 %	209 890	1,2 %	212 399
1560 Tingvoll	-1,5 %	245 215	3,0 %	252 677	4,7 %	264 635
1563 Sunndal	8,0 %	653 452	5,6 %	690 127	6,8 %	737 399
1566 Surnadal	10,3 %	447 172	5,7 %	472 641	3,4 %	488 859
1567 Rindal	3,5 %	172 400	7,5 %	185 308	3,2 %	191 203
1571 Halså	3,2 %	133 883	11,7 %	149 526	-0,8 %	148 313
1573 Smøla	2,2 %	200 006	1,6 %	203 279	3,8 %	211 105
1576 Aure	9,7 %	314 041	3,8 %	325 934	4,8 %	341 455
Møre og Romsdal	5,9 %	17 360 355	7,1 %	18 586 408	5,5 %	19 606 382
Landet uten Oslo	6,3 %	285 476 989	7,2 %	306 019 966	5,4 %	322 598 413

Kjelde: SSB

	Tabell A - 2											
	Disposisjonsfond			Bundne driftsfond			Ubundne investeringsfond			Bundne investeringsfond		
	2011	2012	2013	2011	2012	2013	2011	2012	2013	2011	2012	2013
1502 Molde	1,4 %	0,8 %	0,9 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %	6,9 %	6,8 %	6,8 %	0,2 %	0,2 %	0,3 %
1504 Ålesund	2,4 %	1,7 %	0,9 %	1,5 %	1,4 %	1,2 %	6,4 %	5,7 %	5,0 %	2,6 %	3,2 %	3,9 %
1505 Kristiansund	1,3 %	1,7 %	1,5 %	3,1 %	3,0 %	2,9 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %	0,9 %	0,8 %	0,7 %
1511 Vanylven	0,0 %	0,0 %	1,7 %	21,1 %	12,2 %	8,5 %	0,1 %	0,1 %	0,2 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
1514 Sande	0,0 %	0,5 %	2,6 %	3,5 %	2,8 %	2,9 %	19,4 %	18,3 %	17,2 %	0,8 %	1,0 %	0,7 %
1515 Herøy	3,0 %	2,6 %	2,2 %	1,3 %	0,9 %	0,7 %	1,9 %	2,6 %	1,3 %	0,9 %	0,3 %	0,6 %
1516 Ulstein	5,2 %	2,1 %	2,4 %	20,7 %	21,4 %	10,8 %	2,2 %	0,1 %	4,3 %	0,4 %	0,1 %	0,7 %
1517 Hareid	0,0 %	0,0 %	0,0 %	1,9 %	1,7 %	1,6 %	0,1 %	0,9 %	0,9 %	0,7 %	0,4 %	0,4 %
1519 Volda	4,8 %	2,6 %	0,8 %	1,4 %	1,8 %	1,7 %	11,8 %	10,6 %	9,9 %	3,1 %	3,6 %	3,6 %
1520 Ørsta	0,6 %	0,6 %	1,2 %	6,1 %	5,3 %	4,5 %	0,0 %	0,2 %	2,8 %	0,5 %	0,4 %	0,6 %
1523 Ørskog	8,6 %	8,6 %	7,5 %	13,6 %	14,8 %	15,8 %	0,0 %	2,0 %	1,9 %	2,9 %	2,3 %	3,3 %
1524 Norddal	6,4 %	14,2 %	7,4 %	4,9 %	4,9 %	5,7 %	23,6 %	16,0 %	16,0 %	0,3 %	0,3 %	0,3 %
1525 Stranda	2,2 %	:	:	17,2 %	16,0 %	2,4 %	2,4 %	:	:	0,8 %	:	:
1526 Stordal	11,5 %	0,2 %	0,0 %	9,0 %	:	:	34,1 %	30,6 %	30,5 %	0,0 %	10,8 %	12,1 %
1528 Sykkylven	0,3 %	0,3 %	0,6 %	0,7 %	0,8 %	0,7 %	2,1 %	1,4 %	1,3 %	0,2 %	0,2 %	0,3 %
1529 Skodje	17,2 %	12,2 %	11,4 %	3,4 %	2,5 %	2,8 %	10,2 %	7,4 %	6,7 %	0,0 %	0,1 %	0,0 %
1531 Sula	9,9 %	8,9 %	10,3 %	1,1 %	1,2 %	1,4 %	12,9 %	11,1 %	10,6 %	0,4 %	0,6 %	0,6 %
1532 Giske	3,0 %	1,7 %	3,3 %	4,2 %	3,5 %	3,1 %	28,4 %	25,9 %	23,4 %	0,0 %	0,1 %	0,0 %
1534 Haram	0,0 %	0,0 %	0,4 %	2,1 %	1,6 %	1,8 %	47,6 %	44,2 %	42,2 %	0,0 %	0,1 %	0,0 %
1535 Vestnes	0,0 %	0,1 %	0,3 %	30,7 %	34,0 %	38,9 %	29,7 %	27,2 %	20,0 %	0,1 %	0,2 %	0,2 %
1539 Rauma	1,5 %	1,7 %	0,7 %	2,2 %	2,2 %	2,0 %	5,2 %	4,4 %	3,2 %	0,4 %	0,3 %	0,3 %
1543 Nesset	4,8 %	2,8 %	1,9 %	2,3 %	2,1 %	2,3 %	1,1 %	1,0 %	0,9 %	3,0 %	2,1 %	1,7 %
1545 Midsund	0,4 %	0,5 %	1,4 %	20,7 %	17,3 %	16,6 %	9,9 %	9,6 %	9,7 %	0,0 %	0,1 %	0,2 %
1546 Sandøy	31,1 %	29,3 %	27,7 %	2,5 %	2,7 %	3,4 %	47,1 %	45,8 %	44,1 %	1,3 %	1,6 %	1,4 %
1547 Aukra	16,0 %	29,3 %	34,8 %	2,2 %	1,4 %	1,1 %	12,1 %	9,6 %	6,6 %	0,2 %	0,1 %	0,3 %
1548 Fræna	0,5 %	0,4 %	0,4 %	1,7 %	1,5 %	1,4 %	16,7 %	15,6 %	14,7 %	0,9 %	0,4 %	0,5 %
1551 Eide	11,8 %	9,8 %	:	12,0 %	10,6 %	9,4 %	9,1 %	8,4 %	:	0,7 %	0,6 %	:
1554 Averøy	2,9 %	1,8 %	1,3 %	4,3 %	3,7 %	:	0,7 %	0,2 %	0,2 %	0,0 %	0,9 %	0,3 %
1557 Gjemnes	0,1 %	0,3 %	0,3 %	4,6 %	5,1 %	5,8 %	6,2 %	5,6 %	6,6 %	1,7 %	2,7 %	3,4 %
1560 Tingvoll	5,2 %	4,7 %	4,4 %	2,1 %	2,0 %	1,8 %	2,1 %	1,9 %	1,8 %	0,7 %	0,7 %	0,7 %
1563 Sunndal	7,3 %	9,6 %	9,1 %	1,8 %	1,7 %	1,6 %	1,6 %	1,8 %	1,6 %	0,3 %	0,2 %	0,1 %
1566 Surnadal	13,3 %	13,1 %	10,7 %	4,7 %	4,5 %	6,7 %	2,3 %	2,0 %	1,6 %	0,4 %	0,6 %	1,1 %
1567 Rindal	12,9 %	12,2 %	12,1 %	8,1 %	10,9 %	6,8 %	0,9 %	0,5 %	0,0 %	1,9 %	1,5 %	0,1 %
1571 Halså	0,5 %	1,1 %	1,0 %	1,9 %	1,7 %	2,3 %	1,2 %	1,1 %	1,4 %	0,6 %	1,2 %	1,5 %
1573 Smøla	4,8 %	5,2 %	7,1 %	2,0 %	2,1 %	2,7 %	1,5 %	1,5 %	1,4 %	0,9 %	0,5 %	0,4 %
1576 Aure	8,8 %	11,3 %	13,3 %	5,7 %	5,5 %	5,0 %	1,3 %	1,3 %	1,2 %	0,3 %	0,2 %	0,2 %
Møre og Romsdal	3,9 %	3,9 %	3,8 %	0,1 %	0,1 %	0,1 %	8,5 %	7,8 %	7,2 %	0,9 %	1,1 %	1,2 %
Noreg utan Oslo	5,7 %	6,2 %	6,3 %	0,3 %	0,3 %	0,3 %	7,4 %	6,6 %	6,3 %	1,5 %	1,4 %	1,5 %

Kjelde: SSB

	Tabell A - 3						
	Endring i folketal frå 2004 til 2014				Endring i folketal frå 2014 til 2024		
	2004	%	Endring	2014	Endring	%	2024
1502 Molde	24 041	8,3	2 007	26 048	3 090	11,9	29 138
1504 Ålesund	40 001	14,4	5 746	45 747	6 085	13,3	51 832
1505 Kristiansund	22 379	9,0	2 016	24 395	3 596	14,7	27 991
1511 Vanylven	3 754	-12,0	-452	3 302	-244	-7,4	3 058
1514 Sande	2 605	1,2	31	2 636	48	1,8	2 684
1515 Herøy	8 355	5,9	492	8 847	641	7,2	9 488
1516 Ulstein	6 761	19,7	1 331	8 092	2 058	25,4	10 150
1517 Hareid	4 670	7,5	351	5 021	641	12,8	5 662
1519 Volda	8 377	6,4	532	8 909	933	10,5	9 842
1520 Ørsta	10 267	2,6	269	10 536	785	7,5	11 321
1523 Ørskog	2 093	9,9	208	2 301	202	8,8	2 503
1524 Norddal	1 845	-8,7	-160	1 685	-82	-4,9	1 603
1525 Stranda	4 663	-1,0	-47	4 616	303	6,6	4 919
1526 Stordal	966	7,1	69	1 035	102	9,9	1 137
1528 Sykkylven	7 444	3,8	286	7 730	285	3,7	8 015
1529 Skodje	3 558	23,3	829	4 387	1 041	23,7	5 428
1531 Sula	7 342	17,8	1 309	8 651	1 198	13,8	9 849
1532 Giske	6 578	17,6	1 161	7 739	1 175	15,2	8 914
1534 Haram	8 781	3,5	303	9 084	806	8,9	9 890
1535 Vestnes	6 389	3,5	226	6 615	467	7,1	7 082
1539 Rauma	7 334	1,6	119	7 453	258	3,5	7 711
1543 Nesset	3 201	-6,2	-200	3 001	-2	-0,1	2 999
1545 Midsund	1 925	5,8	111	2 036	225	11,1	2 261
1546 Sandøy	1 279	0,5	6	1 285	135	10,5	1 420
1547 Aukra	3 055	10,5	322	3 377	342	10,1	3 719
1548 Fræna	9 004	8,0	716	9 720	998	10,3	10 718
1551 Eide	3 287	5,6	184	3 471	253	7,3	3 724
1554 Averøy	5 472	3,9	215	5 687	491	8,6	6 178
1557 Gjemnes	2 650	-3,2	-85	2 565	-44	-1,7	2 521
1560 Tingvoll	3 120	-1,8	-56	3 064	124	4,0	3 188
1563 Sunndal	7 409	-3,2	-238	7 171	251	3,5	7 422
1566 Surnadal	6 209	-4,1	-255	5 954	256	4,3	6 210
1567 Rindal	2 118	-3,4	-72	2 046	266	13,0	2 312
1571 Halså	1 714	-7,8	-133	1 581	120	7,6	1 701
1573 Smøla	2 248	-3,6	-82	2 166	139	6,4	2 305
1576 Aure	3 676	-2,7	-99	3 577	58	1,6	3 635
Møre og Romsdal	244 570	6,9	16 960	261 530	27 000	10,3	288 530
Noreg	4 577 457	11,6	531 599	5 109 056	636 876	12,5	5 745 932

Kjelde: SSB

Tabell A - 4						
Kommuner	Innbyggere	Basistilskudd	Småkommune-tilskudd	Distriktstilskudd Sør-Norge	Vekstkommune-tilskudd	Arbeidsgiveravgift i % juli 2014
1502 Molde	26 048	12 331				14,1
1504 Ålesund	45 747	12 331				14,1
1505 Kristiansund	24 395	12 331				14,1
1511 Vanylven	3 302	12 331		5 459		6,4
1514 Sande	2 636	12 331	5 316			10,6
1515 Herøy	8 847	12 331				10,6
1516 Ulstein	8 092	12 331				14,1
1517 Hareid	5 021	12 331				14,1
1519 Volda	8 909	12 331				14,1
1520 Ørsta	10 536	12 331				14,1
1523 Ørskog	2 301	12 331	5 316		1 475	14,1
1524 Norddal	1 685	12 331	5 316			10,6
1525 Stranda	4 616	12 331		3 494		10,6
1526 Stordal	1 035	12 331	5 316			10,6
1528 Sykkylven	7 730	12 331			1 990	14,1
1529 Skodje	4 387	12 331			2 776	14,1
1531 Sula	8 651	12 331			4 544	14,1
1532 Giske	7 739	12 331				14,1
1534 Haram	9 084	12 331				10,6
1535 Vestnes	6 615	12 331		4 280		10,6
1539 Rauma	7 453	12 331		3 088		10,6
1543 Nesset	3 001	12 331	5 316			10,6
1545 Midsund	2 036	12 331	5 316			10,6
1546 Sandøy	1 285	12 331	5 316			10,6
1547 Aukra	3 377	12 331				10,6
1548 Fræna	9 720	12 331				14,1
1551 Eide	3 471	12 331				10,6
1554 Averøy	5 687	12 331				14,1
1557 Gjemnes	2 565	12 331	5 316			10,6
1560 Tingvoll	3 064	12 331	5 316			10,6
1563 Sunndal	7 171	12 331		7 993		10,6
1566 Surnadal	5 954	12 331		7 196		6,4
1567 Rindal	2 046	12 331	5 316			6,4
1571 Halså	1 581	12 331	5 316			6,4
1573 Smøla	2 166	12 331	5 316			14,1
1576 Aure	3 577	12 331		5 639		6,4
Møre og Romsdal	261 530					

Kjelder

Rapportar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014. Rapport frå det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi – Mai 2014

Internettreferanser:

Statistisk sentralbyrå:

www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra

www.ssb.no/befolkning

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Frie inntekter på nett 2014:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/grontheft/frie-inntekter-2014.html?id=741828>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Kommunereform:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/kampanjer/kommunereform.html?id=751048>